


Samanstilling av KOSTRA tal for kommunane i Nordhordland - 2013

I denne rapporten er det tatt med nokre av dei viktigaste nøkkeltala frå rekneskapa og KOSTRA rapporteringa for åra 2010 – 2013 for kommunane i regionen. For å kunne ha noko å samanlikne med utanfor regionen og eigen kommune er der teke med kommunegruppe 8 (gjennomsnitt for dei kommunane som er med i den gruppa) som Meland og Lindås kommune er i og gjennomsnittet for landet (men Oslo er ikkje med).

Netto driftsresultat i 2013



Netto driftsresultat viser kor mykje som kan avsetast til framtidig bruk og til eigenfinansiering av investeringar. Som hovudregel er det anbefalt at netto driftsresultat bør vere minimum pluss 3 % av driftsinntektene for å ikkje tære på tidlegare reserver. Gj.snittet for landet er på 2,4 % i 2013. Fem av kommunane har eit netto driftsresultat som tilfredsstillar kravet til minimum 3 %, men 4 ligger under. Meland skil seg ut med ein kraftig forbetring i 2013.


Kommunane får i stor grad refundert moms – momskompensasjon. Denne inntekta vert ført i drift sjølv om utgiftene til moms som gjeld investeringar er ført i investeringsrekneskapa. Det fører til at høge investeringar gir tilsvarende auka inntekter i drift. Av den grunn kan det vera interessant å sjå korleis inntektene frå momskompensasjon har utvikla seg dei siste 4 åra. Frå og med rekneskapsåret 2010 vart 20 % av momskompensasjon (auka med 20 % kvart år)

frå investering tilbakeført til investering, men det påverka netto driftsresultat for det vart inntektsførast i drift før det vart tilbakeført. Frå og med 2014 vil ikkje refusjon frå mva i investering verta ført i drift. Det betyr at (til og med 2013) netto driftsresultat må vurderast i lys av om kommunen har hatt høge investeringar eller ikkje.

MVA – kompensasjon påløpt i investeringsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter.

	2010	2011	2012	2013	Gj.snitt
Austrheim	4,1	2,6	2,2	2,6	2,9
Lindås	1,2	1,8	1,7	2,3	1,8
Modalen	4,7	0,1	1,2	0,5	1,6
Meland	2,2	0,4	0,9	1,4	1,2
Masfjorden	1,4	1,6	1,3	0,2	1,1
Gulen	1	0,6	0,8	2,1	1,1
Fedje	0	1,4	1,1	1,9	1,1
Radøy	0,5	1,3	0,9	1,1	1,0
Osterøy	0,6	1,2	0,3	0,3	0,6

Austrheim er den kommunen som har høgast mva kompensasjon frå investering sett i forhold til driftsinntektene. Osterøy ligg lågast som følgje av lite investeringar dei siste åra. Ved å ta vekk moms kompensasjon frå investering får vi fram korleis netto driftsresultat vil «sjå» ut frå og med 2014.



I 2013 ville Austrheim, Radøy og Gulen hatt eit negativt netto driftsresultat med den føresetnaden.

Frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov

Kommune	Korrigerte frie inntekter, ekskl. eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter	Korrigerte frie inntekter, inkl. eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter
1252 Modalen	127	234
1266 Masfjorden	107	141
1265 Fedje	121	125
1263 Lindås	98	116
1411 Gulen	105	116
1264 Austrheim	108	112
1253 Osterøy	98	98
1256 Meland	98	98
1260 Radøy	97	98
Hordaland	100	101

I kommuneproposisjonen viser tabell (3.5) korrigert frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov. ”Tabell 3.5 viser den enkelte kommunes frie inntekter korrigert for variasjoner i utgiftsbehov for 2013, både med og uten eiendomsskatt og konsesjonskraftinntekter.” Det er relativt store skilnadar i kommunane sine frie inntekter i høve til berekna utgiftsbehov. Berekna utgiftsbehov er det som vert nytta til å berekne kommunen sine rammetilskott og inntektsutjamninga. Eigedomsskatt og


konsesjonskraft er ikkje med i den inntektsutjamninga, noko som er hovudårsaken til dei forskjellane som er mellom kommunane i Nordhordland.

Tabellen viser enkelt forklart kor store frie inntekter ein kommunen har i høve til berekna utgifts behov, gj.snitt for heile landet er 100. I vår region er det 3 kommunar som er under 100 (gj.snittet for landet). For å forenkla det så har Radøy ved eit berekna utgiftsbehov på 100 kr 98 kr til disposisjon, det betyr at Radøy må bruke om lag 2 % mindre for å produsere tenestene enn det gj.snittet for landet kan. Lindås har tilsvarende 116 kr til disposisjon og kan difor tillate seg å nytte tilsvarende meir. Dei forskjellane som er i inntekt inklusiv eigedomsskatt, konsesjonskraft og utbytte er viktig for å forstå kvifor kommunane kan/må prioritere å ha ganske forskjellig ressursbruk til dei ulike tenestene. Dei aller «fattigaste» kommunane i landet har 92 i korrigerte frie inntekter.

Gjeld og likviditet

Netto langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene seier noko om kva den langsiktige gjelda vil bety for drifta framover. Høg andel langsiktig gjeld i høve til driftsinntektene betyr at ein større del av inntektene må nyttast til å betale renter og avdrag. Eit lavt rentenivå har dempa verknaden av at den langsiktige gjelda har auka. Med unntak av Lindås så har lånegjelda i % driftsinntektene gått noko ned sidan 2010. Dei minste kommunane har eit relativt ”behageleg” nivå på den langsiktige gjelda.


Kor vidt ein renteoppgang vil vere positiv eller negativ må vurderast i ein større heilskap. Da må ein i tillegg til netto lånegjeld sjå på innskott i bank, rentekompensasjon, auke i sjølvkostgebyr som følgje av auka kapitalkostnader og ikkje minst auka avkastning på pensjonsmidlane hos KLP. Grovt sett så vil kommunane Masfjorden, Gulen, Modalen og Fedje komme betre ut med ein renteoppgang. Meland har sopass høg gjeld at ein renteoppgang vil vere negativ. Dei andre kommunane er det litt meir usikkerhet om kva totaleffekten vil vere med ein renteoppgang.



Kontantar, lettomsattelege aksjar og obligasjonar (kontantbeholdning) vil i utgangspunktet kunne nyttast til drift. Men ein del av det er i prinsippet ”låst” til investering, det gjeld ubrukte lånemidlar og bundne og ubundne fond til investering. Når ein trekker det frå kontantbeholdninga så ser ein kor stor del av kontantane som ”kan” nyttast til drifta. I figuren er det merka som driftslikvidar. Osterøy skil seg ut ved at driftslikvidane er negativ. Det vil sei at kommunen må nytte likvidar til drift som eigentleg er tenkt nytta til investering. Det skjer nok også i andre kommunar. Det vil sei at desse kommunane har ”lånt” frå investering for å dekke kapitalbehovet i drifta. I tillegg er det ein del av midlane som er låst til bundne driftsfond, noko som reduserer kor mykje av likvidane som ”kan” nyttast til ordinær drift, sjå tabellen under. Meland og Osterøy har høge bundne driftsfond.


	(1)Kontantbeholdning inklusiv aksjar, obligasjonar og sertifikat	(2) Ubrukte lånemidlar	(3) Bundne fond investering	(4) Ubundne fond investering	(5) = 1 - 2 - 3 - 4 Driftslikvidar	(6) Bundne driftsfond	(7) = 6 - 5 Likvidar for ordinær drift	1 % av driftsinntektene
1266 Masfjorden	55 852	3 436	-	2 565	49 851	6 468	43 383	24 %
1252 Modalen	22 391	932	8	139	21 312	4 603	16 709	19 %
1411 Gulen	59 812	4 437	240	-	55 135	12 897	42 238	19 %
1263 Lindås	375 247	102 293	17 984	18 535	236 435	18 738	217 697	18 %
1265 Fedje	33 193	6 872	-	15 175	11 146	926	10 220	15 %
1264 Austrheim	43 559	13 953	4 425	2 465	22 716	3 963	18 753	8 %
1260 Radøy	46 508	13 922	99	5 095	27 392	7 914	19 478	5 %
1256 Meland	52 554	7 548	5 805	7 320	31 881	18 506	13 375	3 %
1253 Osterøy	73 748	36 192	5 055	40 000	(7 499)	18 672	(26 171)	-5 %

Fordeling av netto driftsutgifter på tenesteområda i 2013




Korleis kommunane prioriterar og nyttar midlane på dei ulike sektorane vil for ein stor del vere gitt med grunnlag i aldersfordelinga til befolkninga og statlege krav. Slik at Meland med ein stor del i skulepliktig alder må nytte relativt stor del av dei frie inntektene til skule og barnehage. I tillegg vil fordelinga på dei ulike sektorane sei noko om lokale politiske prioriteringar. Med unntak av Modalen så går 85 – 90 % av netto driftsutgifter til helse og omsorg, skule, barnehage og administrasjon.

Barnehage




Det har vore stor politisk fokus på barnehagedekning og utbygging av barnehagar. I Kostra kjem barnehagedekninga fram som tal barn i barnehage i høve til tal barn totalt som er 1 – 5 år. Den seier noko om dekningsgraden i kommunen, men behovet eller ønskje om plass kan variere. Når Modalen kjem over 100 betyr det at dei tek i mot barn i frå andre kommunar, slik at tal barn i barnehagen vert

høgare enn tal barn totalt. Dei med lågast dekning er nede i 84, men behovet kan likevel vera dekkja.




Netto driftsutgifter til barnehage (1.000 kr) fordelt per innbyggjar som er 1 – 5 år viser ein relativt stor variasjon. Osterøy er den kommunen som har dei lågaste netto driftsutgiftene. Meland har redusert sine utgifter, men nyttar heile 17 % av netto driftsutgifter til barnehage.

Grunnskule




Netto driftsutgifter pr elev (1.000 kr) varierer ganske mykje mellom kommunane. Det er naturleg nok dei minste kommunane som nyttar mest ressursar pr elev. Små skular med få elevar i kvar klasse gir relativt

få elevar pr lærar noko som gjer at utgiftene pr elev vert høgare i desse kommunane. Osterøy og Meland har dei lågaste utgiftene pr elev og ligg under gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 8. Dei andre kommunane ligg over og Radøy sin ressursbruk pr elev gjer at ressursbruken er 9 – 10 mill kr høgare enn den ville vore dersom nivået hadde vore på gj. snitt for landet.




Andel elevar som mottok spesialundervisning viser ein langsiktig stigande tendens i fleire av kommunane, sjølv om det gikk noko ned i 2013. Fedje og Gulen ligg under gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 8, men dei andre kommunane ligg over. Dei kommunane som ligg så vidt mykje over gjennomsnittet for landet bør kanskje vurdere spesialundervisninga særskilt.

Pleie og omsorg




Av dei som er 80 år og eldre som mottok heimeteneste eller har plass på institusjon eller bustad med heildøgns omsorg ligg i mange kommunar rundt 50 %. Osterøy skil seg ut med ein forholdsvis låg dekning. Fedje og Modalen har ikkje noko data for det er personar som er 80 år og eldre som mottok heimeteneste.



Brutto driftsutgifter (1000 kr) pr institusjonsplass varierer mellom kommunane. Meland skil seg ut med låge utgifter. Utgiften er pr plass og ikkje mot faktiske bebuarar. Dei fleste kommunane har fulle institusjonar, men for Modalen kan det vere at tal plassar er noko høgare enn tal


bebuarar og kan forklare den ”låge” utgiften pr plass. Dei totale brutto driftsutgiftene er med funksjon 253 (pleie) og 261 (bygg inkl avskrivningar).

Samanlikna med gjennomsnittet for landet og kommunegruppe 8 så er ressursbruken pr



mottakar av heimeteneste (1.000 kr) høgare, med unntak for Modalen og Masfjorden. Årsaka til at det er så stor variasjon i dei gjennomsnittlege utgiftene pr mottakar av heimetenester kan vere at der er høgare andel med ressurskrevjande brukarar i nokon kommunar.


Kommunehelsetenesta



Utgiftene til kommunehelsetenesta er mellom anna omfatta av lege- og fysioterapitenesta. Meland er om lag på same nivå som kommunegruppe 8 og litt under gjennomsnittet for landet. Dei andre kommunane ligg over. Med unntak av Lindås er der slik at ressursbruken pr innbyggjar vert redusert med auka storleik på


kommunen.

Sosialtenesta




Netto utgiftene til sosialtenesta viser stor variasjon. Den er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8, med unntak av Meland.

Barneverntenesta



Netto utgiftene til barnevern utviklar seg litt forskjellig i dei ulike kommunane. Osterøy og Radøy nyttar mest midlar til barnevern, men netto utgiftene er noko redusert i høve til 2012. Osterøy og Radøy er dei to kommunane som kjem dårlegast ut på kommunebarometeret.

Administrasjon



Netto driftsutgifter til administrasjon og styring (funksjonane 170 - premieavvik, 180 - diverse fellesutgifter og 190 interne serviceenheter er ikkje med) pr innbygger varierer ganske mykje mellom kommunane. Der er klare stordriftsfordelar med omsyn til utgifter til administrasjon. Organisering av

kommunen kan vere med på å påverke korleis lønnsutgiftene vert fordelt på dei ulike Kostra funksjonane. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler fellesutgiftene i rekneskapen kan gi variasjonar mellom kommunane. I dei minste kommunane vil det nok også vere slik at det ikkje er praktisk å få fordelt alle utgiftene på rett tenestemråde og vert difor verande på administrasjon. Gulen har hatt ein relativt stor auke, mens det i Meland har flata ut/reduisert. Noko av endringa i Meland kan forklarast med auken i folketalet.

Årsverk


Kommune	2010	2011	2012	2013	2013 i % av 2010
Modalen	77	76	75	74	95 %
Osterøy	518	544	554	511	99 %
Meland	382	408	402	394	103 %
Radøy	365	392	382	402	110 %
Lindås	1 104	1 113	1 108	1 159	105 %
Austrheim	259	266	264	278	107 %
Fedje	62	64	69	68	110 %
Masfjorden	193	185	198	210	109 %
Gulen	225	233	230	245	109 %

I statistikkbanken til SSB – KOSTRA er der tal for årsverka i kommunane, dei er henta frå NAV A-registeret som kommunane rapporterer til. Har valt å bruke dei årsverka som heiter ”Avtalte årsverk eksklusive lange fravær”. Det er der tatt utgangspunkt i avtalte årsverk og korrigert for

legemeldt frávær og svangerskapspermisjon.

Der er nokon «pussigheter» i tala, som at Meland og Radøy har like mange årsverk. Det at Lindås har nesten 3 gonger så mange årsverk som Meland virker også litt pussig. Stor andel private barnehagar i Meland kan vere ei forklaring. Men det bør gjerne også føre til at ein ser på korleis rapporteringa av årsverka vert gjennomført, det har vore ei utfordring tidlegare å få inn riktige og oppdaterte data.

Alle kommunane har ein auke i årsverk frå 2010 til 2013, med unntak for Modalen og Osterøy. I nokon av kommunane har veksten vore relativ stor. Samla for heile regionen er den på 5 %.




Fordelinga av årsverka på dei ulike tenestoområda viser at helse og sosial (inkludert pleie og omsorg) er det området med flest årsverk. Deretter kjem skule. Dei to områda har til saman om lag 70 % av årsverka i fleire av

kommunane. I dei kommunane med stor andel private barnehagar, som til dømes i Meland og Lindås, vil andel årsverk i barnehage vere låg.


Innbyggartal, prognose og demografi

Frå 01.01.2000 og fram til 01.01.2014 har folketallet i regionen auka med 16 %. Dei minste kommunane har utfordringar med å halde folketallet oppe, men Modalen er unntaket. Meland har størst % auke i perioden – 41 %, men Lindås har auka meste i tal personar - 2.600 personar – 21 %. Har og tatt med ein prognose frå SSB fram til og med 2040.

	Folketal 01.01.				Middels nasjonal vekst (MMMM)				2014 i % av 2000	2030 i % av 2014
	1990	2000	2010	2014	2020	2025	2030	2040		
Modalen	340	354	344	372	406	421	444	468	105 %	119 %
Osterøy	7 016	7 006	7 421	7 786	8 629	9 303	9 924	10 926	111 %	127 %
Meland	4 534	5 353	6 631	7 544	8 994	10 152	11 232	13 077	141 %	149 %
Radøy	4 560	4 585	4 825	5 039	5 346	5 583	5 767	5 997	110 %	114 %
Lindås	11 861	12 492	14 286	15 069	16 377	17 439	18 410	19 881	121 %	122 %
Austrheim	2 684	2 527	2 738	2 833	3 239	3 555	3 818	4 231	112 %	135 %
Fedje	730	682	594	561	534	504	491	463	82 %	88 %
Masfjorden	1 891	1 774	1 635	1 693	1 710	1 731	1 759	1 777	95 %	104 %
Gulen	2 606	2 489	2 302	2 315	2 382	2 456	2 548	2 708	93 %	110 %
Totalt	36 222	37 262	40 776	43 212	47 617	51 144	54 393	59 528	116 %	126 %




Fordelinga på aldersgrupper er pr 01.01.14.



Prognosen for befolkningsframskrivinga viser at det er aldersgruppa 68 – 79 som vil auke mest prosentvis i regionen. Dei første åra. Aldersgruppa 80 år og eldre vil først auke etter 2020. I 2030 vil der vere over 60 % fleire som er 80 år og eldre.

Tal innbyggjarar i aldersgruppa 1 – 5 år i forhold til aldersgruppa 11 – 15 år fortel noko om framtidig rekruttering til skulen dei næraste 5 åra. No har deler av regionen stor netto tilflytting slik at det kan forventast at tal barn som skal begynne på skulen vil auke. Men dei kommunane der aldersgruppa 1 – 5 år utgjer om lag 90 % eller mindre av dei som er 11 – 15 år må ha ein ganske stor netto tilflytting for at elevtalet ikkje skal bli redusert framover. Meland skil seg ut med 17 % fleire som er 1 -5 år samanlika med 11 – 15 år. Kommunen må forvente ein stor auke i elevtalet, i tillegg kan ein forvente tilflytting. For Fedje og Gulen er reduksjonen ganske dramatisk. Litt overraskande at Austrheim og Osterøy ligg så lågt.




Når ein ser på tal born pr årgang frå 0 – 15 år pr 31.12.13 så får ein eit bilete av korleis elevtalet utviklar seg. Dei som var 15 år 31.12.13 var ferdig med 10 klasse no i 2014, 12 år startar i 8. klasse og 5 år begynner i 1. klasse no i 2014.


Meland skil seg ut med ein stigande tal barn i dei yngste årsklassane. Dei som går ut av 10. klasse utgjer 80 % av gj.snitt og dei som startar opp i skulen utgjer 114 %. Det tilseier ein relativt stor auke i elevtalet og utfordring med omsyn til plass. I alle dei andre kommunane er der ein fallande tendens, den er minst i Lindås. I Osterøy er utgjer dei som sluttar i 10. kl. 113 % av gj.snitt, mens dei som startar i 1. kl. utgjer 82 %. I dei mindre kommunane vil årsklassane svinge meir, men trenden er lågare tal i dei yngre årstrinna. Det vil gi utfordringar med omsyn til å ha ein forsvarleg ressursbruk i skulen i forhold til kommunen sine inntekter.

Andelen av befolkninga som er i gruppa 21 – 40 år fortel oss noko om framtidig fødselstal. Andelen har gått noko ned som følge av auka andel eldre. Meland ligg på topp med 27 %, gjennomsnittet for regionen er på 25 %. Dei minste kommunane har den lågaste andelen i denne aldersgruppa og der er reduksjon størst. Med fallande eller stagnasjon i folketalet så vert reduksjon av andelen i denne aldersgruppa ekstra merkbar.

Born pr årgang 0 - 15 år i % av gj.snitt 31.12.13



Andel av befolkningen 21 - 40 år



Utvallsak nr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	22.05.2014
	Kommunestyret	

Økonomirapport pr. 1. kvartal 2014

Saksutgreiing:

Saka går til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	2
1 Innleiing.....	3
2 Økonomisk status sentrale postar	3
2.1 Skatt og rammetilskot.....	4
2.2 Generelle statstilskot	4
2.3 Eigedomsskatt	4
2.4 Renteinntekter og utbytte	4
2.5 Premieavvik pensjon	4
2.6 Rente- og avdragsutgifter	5
2.7 Driftsfinansiering.....	5
2.8 Disposisjonsfond	5
3 Økonomisk status tenesteområda	6
3.1 Politisk styring.....	6
3.2 Administrativ styring, støttestruksjonar	6
3.3 Grunnskuletilbod	8
3.4 Kulturformål.....	8
3.5 Barnehagetilbod.....	8
3.6 Kommunehelsetenester	8
3.7 Sosiale tenester, barnevernstenester	8
3.8 Pleie- og omsorgstenester.....	9
3.9 Tekniske tenester	9
3.10 Tekniske justeringar tenesteområda	9
4 Årsverk og Sjukefråvere	10
5 Budsjettvedtak 2012 – verbaldel	12
6 Framlegg til justeringar i investeringsbudsjettet og status for prosjekta	14
6.1 Investeringsfond kommunale bustader.....	14
6.2 Status for investeringsprosjekta.....	14
7 Vedlegg rekneskapsskjema.....	21
8 Finansrapport	23
8.1 Bankinnskot.....	23
8.2 Lånegjeld.....	23

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen innstiller til kommunestyret om å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1. kvartal 2014 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2014 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar).
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2014 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
4. Rådmannen får fullmakt til å gjera endringar i interne disponeringar for 2014 slik som skissert i kapittel 2.8.
5. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere innsparingsmåla for tilsettingskontroll og omstilling (tenesteområde 2) til dei tenesteområda kor innsparinga faktisk skjer fortløpande gjennom året.
6. Rådmannen får fullmakt til å gjera tekniske justeringar mellom tenesteområda for 2014 slik som skissert i kapittel 3.10.
7. Salgsinntekter i samband med eventuelt sal av kommunale bustader skal setjast av på investeringsfond og nyttast til bygging/ kjøp av egna bustader. Rådmannen får fullmakt til å nytta avsette midlar på investeringsfond for kommunale bustader til bygging/ kjøp av egna bustader slik skissert i kapittel 6.1.
8. Ramma til veg skal nyttast til å etablere vege på Ikenberget og veg på Leknes ved Storstova i kapittel 6.2

1 INNLEIING

Økonomirapport pr. 1. kvartal 2014 syner økonomisk status pr. 31. mars og ei prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ei analyse av løn for perioden 1.1 – 31.3. 2014.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år. I økonomireglementet for Lindås kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. kvartal og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt. Det blir i 2014 gitt rapportering om økonomisk status på kvart formannskapsmøte.

Til høgre i dei tabellane som er nytta er det sett inn ei referanse ("ref."). Denne viser til aktuelt kapittel i rapporten der dette vert omtala nærare.

I følgje "Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning" skal administrasjonssjefen minst to gongar i året leggja fram rapportar for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av økonomiske statusrapportar når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status.

2 ØKONOMISK STATUS SENTRALE POSTAR

ref.	TABELL 1 - Sentrale postar	Prognose avvik 2014	Framlegg om justering	Prognose med justering
Sentrale postar				
2.1	Skatt og rammetilskot	-5 200	0	-5 200
2.2	Generelle statstilskot	2 120	-2 120	0
2.3	Eigedomsskatt	238	-238	0
2.4	Renteinntekter og utbytte	0	0	0
2.5	Premieavik pensjon	0	0	0
2.6	Rente- og avdragsutgifter	0	0	0
2.7	Driftsfinansiering investeringar	0	0	0
2.8	Avsetjing til disposisjonsfond	0	238	0
Sum sentrale postar		-2 842	-2 120	-5 200
1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.				

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter.

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Dei fleste av desse har vi liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som set rammene for den kommunale drifta.

Samla prognose for heile 2014 syner eit negativt avvik på 2 842 000 kr for dei sentrale postane, og rådmannen vil i dei kommande punkta kommentere avvika.

2.1 Skatt og rammetilskot

For prognosen pr. 1. kvartal er KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot nytta.

Det er budsjettert med 5 200 000 kr høgare skatt og rammetilskot enn det prognosemodellen per februar synar. Det er med kunnskapen ein har i dag, realistisk å forvente at anslag for skatt og rammetilskot vil bli lågare enn budsjettert. Revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen vil først vere kjent i slutten av mai, og rådmannen vil kome attende med oppdatert prognose i samband med 2. tertialrapport.

2.2 Generelle statstilskot

Kommunen mottok generelle statstilskot for flyktningar, samt kompensasjon for låneopptak i samband med prosjekt innanfor skule, sjukeheim og omsorgsbustader.

Det er lagt inn ein auke i forventa statstilskot på 2 119 000 kr i samband med busetting av fleire flyktningar i 2014, jamfør sak PS 111/13 i kommunestyret 19. desember 2013. Det er foreslått tilsvarende auke i budsjettet på tenesteområde 7, jamfør punkt 3.7 i rapporten. Auken i statstilskot er lågare enn den forventa auken i utbetalingar, og dekkjer ikkje behov innan skule, helsestasjon mm.

2.3 Eigedomsskatt

Det er budsjettert med eigedomsskatt for 2014 på 162 821 000 kr. Per mars 2014 er det skrive ut eigedomsskatt på kr 163 059 000 kr, ein auke i eigedomsskatten på 238 000 kr.

2.4 Renteinntekter og utbytte

Det er for 2014 forventa renteinntekter på bankinnskot på om lag som det som ligg i vedteke budsjett, og rådmannen kjem tilbake med ein ny vurdering og oppdaterte rentesatser i samband med 2. tertialrapport. Utbyttet frå BKK er forventa å bli som budsjettert på 15 600 000 kr.

2.5 Premieavvik pensjon

Handtering av premieavvik:

Kommunane betaler gjennom året pensjonspremie til pensjonskassane. Ved årsskifte reknar selskapa sine aktuarar ut ein pensjonskostnad for året. Det er denne som vert ståande igjen i årsrekneskapen. Avviket mellom den innbetalte premien og aktuaren si utrekning vert kalla premieavvik. Dersom innbetalt premie gjennom året er større enn utrekna pensjonskostnad vil det vera eit positivt premieavvik. I Lindås kommune er det bestemt at dette beløpet skal dekkast inn året etter at premieavviket har oppstått.

Kvar haust mottok kommunane oversikter frå pensjonsselskapa som syner kva årets premieavvik er estimert til å bli (endeleg premieavvik er først avklart året etter). I 2013 vart det inntektsført eit premieavvik på 15 039 000 kr. I årsrekneskapsaka har rådmannen gjort framlegg til vedtak om å setje av det rekneskapsmessige mindreforbruket på 14 401 000 til disposisjonsfond - premieavvik. Rådmannen rår til at det vert flytta 638 000 kr frå disposisjonsfond – generelt til disposisjonsfond – premieavvik slik at avsetninga på disposisjonsfond for premieavvik samsvarer med beløpet som skal kostnadsførast i 2014 sjå punkt 2.8.

2.6 Rente- og avdragsutgifter

Det vart i budsjett 2014 lagt til grunn ei innlånsrente på 3,7% fast rente (fast rente på om lag 11,81% av lånegjelda) og 2,4% flytande rente. Pr 31.03.14 er den flytande renta 2,35%. Rådmannen legg til grunn at rentenivået kan stiga noko ut året og vil i samband med 2. tertialrapport vurdere renteutgiftene basert på reell renteutvikling.

2.7 Driftsfinansiering

Det er per i dag ikkje driftsfinansiering av investeringane i Lindås kommune. Det er viktig med høg driftsfinansiering av investeringane og eit moderat investeringsnivå for å unngå at gjeldsbelastninga blir for stor. Det er i samband med vedteken økonomiplan 2014-2017 lagt til grunn auka driftsfinansiering i 2015, 2016 og 2017. Denne driftsfinansieringa må sjåast i samband med ein kostnadsreduksjon i drifta (omstillingsprogrammet). Det er naudsynt å gjere endringar i drift og investeringstakt for også i framtida ha god økonomi og økonomistyring. Det må på sikt vere ein målsetnad at meir av kommunens inntekter frå eigedomsskatt nyttast som ein del av finansieringa av investeringane våre slik at vi unngår auke i låneopptak. På den måten vil kommunen etter kvart bli belasta med lågare rente- og avdragsutgifter, noko som gjev ein mindre pressa økonomi.

2.8 Disposisjonsfond

Etter rådmannen sitt framlegg til sentral saldering, vil kommunen ha ein status på det generelle disposisjonsfondet som følgjer:

Disposisjonsfond - generelt	
Fond pr. 1.1.2014	61 927
Disponert tomt rundkøyning Knarvik	-202
Vedtak trafikk sikring, jf. Sak PS 24/12	-1 250
Havnesamarbeid	-200
Avsetjing vedteke budsjett	13 227
<i>Inndekking premieavvik</i>	<i>-638</i>
<i>Framlegg om avsetjing statusrapport</i>	<i>238</i>
Budsjettert fond pr 31.12.14	73 102
<i>* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt</i>	

Disposisjonsfond - omtvista eigedomsskatt	
Fond pr. 1.1.2014	64 703
Avsetjing vedteke budsjett 2014	31 379
Budsjettert fond pr 31.12.14	96 082

Det har vore rettssak mellom TCM og Lindås kommune vedrørende eigedomsskatt. Saka vart avgjort i høgsterett og høgsterett tok stilling til om TCM var verk og bruk eller ikkje. Lindås kommune vann saka på alle punkt, og TCM er definert som verk og bruk. TCM har påklaga takstgrunnlaget, men ikkje sendt inn klagegrunnlaget pt. Rådmannen rår til at avsetnadene på disposisjonsfond – omtvista eigedomsskatt vert vurdert i samband med 2. tertialrapport.

Disposisjonsfond - premieavvik	
Fond pr. 1.1.2014	0
Framlegg om avsetning statusrapport	638
Framlegg om avsetning i rekneskapssaka	14 401
Bruk av premieavvik	-15 039
Budsjettert fond pr 31.12.14	0
* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt	

Det vart inntektsført premieavvik på 15 039 000 kr i 2013. Rådmannen rår til at det vert sett av tilsvarande på disposisjonsfond – premieavvik for 2014 slik av avsett beløp samsvarer med beløpet som skal kostnadsførast i 2014.

3 ØKONOMISK STATUS TENESTEOMRÅDA

ref.	TABELL 2 - Tenesteområda	Just. budsj. netto dr.utg.	Prognose avvik 2014	Framlegg om justering	Prognose med justering
3.1	Politisk styring	20 652 000	0	0	0
3.2	Administrativ styring, støttefunksjonar	207 741 000	-4 000	0	-4 000
3.3	Grunnskuletilbod	187 680 000	-1 000	1 000	0
3.4	Kulturformål	14 933 000	300	-300	0
3.5	Barnehagetilbod	24 129 000	0	0	0
3.6	Kommunehelsetenster	49 723 000	0	0	0
3.7	Sosiale tenester, barnevernstenester	53 560 000	-2 640	2 120	-520
3.8	Pleie- og omsorgstenester	225 587 000	-5 900	0	-5 900
3.9	Tekniske tenester	103 131 000	700	-700	0
	Sum tenesteområda	887 136 000	-12 540	2 120	-10 420
1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.					

Prognosen synar eit samla avvik på 12 540 000 kr i 2014, av dette er 8 200 000 kr ikkje oppnådde innsparingsmål, 2 120 000 kr auke i utbetalingar/ utgifter knytt til flyktingar (med tilsvarande auke i ramma i sentrale postar), og 2 200 000 kr skuldast prognostisert meirforbruk. Meir om dette i punkta under.

3.1 Politisk styring

Rådmannen forventar at politisk styring vil koma ut om lag som budsjettert.

3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar

Totalt synar prognosen eit meirforbruk på tenesteområde 2 på 4 000 000 kr. Av dette skuldast 1 700 000 kr medfinansiering sjukehus (beskreve nærare under), 300 000 skuldast ikkje oppnådd innsparingsmål på tilsettingskontroll (opprinneleg 1 000 000 kr i innsparingsmål for 2014), og 2 000 000 kr i innsparingsmål omstilling (opprinneleg 2 000 000 mill kr). Både tilsettingskontroll og innsparing omstilling vert det jobba kontinuerleg med, og rådmannen forventar å sjå effekt av arbeidet i 2014.

Status næringsfondet:

Næringsfondet til Lindås kommune er eit næringspolitisk verkemiddel for å fremja næringsutvikling gjennom kommunal tilrettelegging og støtte til nyetableringar og vidareutvikling av eksisterande verksemder. Målet til fondet er å skape fleire nye arbeidsplassar og verksemder og gjere Lindås til ein av landets fremste næringskommunar. Tiltak som skal prioriterast generelt er: industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Kapitalgrensene for støtte er ved:

-bedriftsutvikling, etablering og marknadsføring: kr 200.000

-investeringar: kr 250.000

-kommunale prioriterte prosjekt: kr 1.000.000

Saldo på fondet er pr 24.4 kr 621.503.

Bestillarkontoret

Medfinansiering sjukehus: Det er ikkje motteken nye oppdaterte tall på kostnader for medfinansiering på sjukehus, men akontofaktureringen som gjort mot kommunen viser eit avvik på om lag 1 700 000 kr. Rådmannen rår ikkje til å foreta budsjettjustering per 1. kvartal då tala er uvisse, og det er også sett inn lokale tiltak (ØHD sengar). Rådmannen kjem attende med oppdatert informasjon i samband med 2. tertialrapport.

Avsetning lønsoppgjer:

Det ligg i vedteke budsjett ei avsetnad for lønsauke basert på ein forventet lønsvekst på 3,5% (føresetnad i statsbudsjettet). Årets lønsoppgjer er enno ikkje avslutta, og rådmannen kjem difor attende til utviklinga i 2. tertialrapport med eit oversyn over effekten på dei ulike tenesteområda.

Barnehage:

Tilskota til dei private barnehagane og kjøp av plassar i Austrheim kommune er budsjettert under tenesteområde her, medan dei kommunale barnehagane er budsjettert på tenesteområde 5. Det er knytt usikkerheit til kjøp frå andre kommunar (administrasjonen har enno ikkje oversyn over dette, då refusjonskrava først blir sendt kommunen i slutten av året). Det er også knytt stor uvisse til kor mange born busett i Lindås kommune som får barnehageplass i nabokommuner. Bustadskommunen er pliktig å betale tilskot til kommunane som tildelar plass uavhengig om borna etter loven har rett til plass eller ikkje.

Tilskot til private barnehagar:

Opptaket for barnehageåret 2014/ 2015 er ikkje ferdigstilt, og rådmannen har ikkje oversyn over den endelege fordelinga små og store born verken i kommunale barnehagar eller private.

Kostnadane i dei kommunale barnehagane påverkar tilskotet til dei private barnehagane. Så langt har ikkje rådmannen klart å berekne kva det totale tilskotet til dei private barnehagane vil utgjere i 2014, sidan tal born og fordeling store og små ikkje blir avklart før barnehageopptaket er endeleg avslutta.

3.3 Grunnskuletilbod

Prognosen synar eit avvik på 1 000 000 kr totalt på grunnskule i 2014 grunna at det i budsjettfila vart overført eit lågare tal stillingsheimlar enn det skulane faktisk har fått tildelt basert på tildelingskriteriane. Rådmannen foreslår å løyse behovet for auke i ramma på tvers av tenesteområda. Se også kommentar under pkt. 3.7, om behov for auka ressursar knytt til auke i tal flyktningar.

Alle skular i Lindås kommune er sikra likebehandling og har fått dei same rammevilkåra i ressurstildelinga.

3.4 Kulturformål

Eining for kultur kjem ut med eit midreforbruk på 300 000 kr i 2014. Dette skuldast midlertidig vakante stillingar, og vil vere ein del av budsjettvedtaket «tilsettingskontroll».

3.5 Barnehagetilbod

Rådmannen legg til grunn at tenesteområdet vil koma ut om lag som budsjettert. Barnehageopptaket er ikkje avslutta pt, og rådmannen har ikkje oversikt over endeleg tal born og tilsette i dei kommunale barnehagane. Det vert lagt fram ein oppdatert prognose i samband med 2. tertialrapport for kommunestyret, og formannskapet vil få oppdatering på status opptak og økonomi når opptaket er avslutta.

3.6 Kommunehelsetenester

Rådmannen legg til grunn at tenestområdet vil koma ut om lag som budsjettert.

3.7 Sosiale tenester, barnevernstenester

Sosiale tenestar:

Det er vedteke å ta i mot fleire flyktningar i 2014, noko som førar til auka utbetalingar under sosiale tenester. Auken i rammeoverføringa tilsvarar ikkje auken i utbetalingane, men rådmannen legg til grunn at tenesteområdet vil klare å løyse differansen mellom auka ramme og auke i utbetalingar innanfor vedteken ramme. Det vil vere behov for auke i tenesteytinga på andre tenesteområder også, mellomanna skule, pleie og omsorg og helsetjenester utan at det vert tilført midlar til dette. Det leggst til grunn at dei øvrige tenesteområda må løyse auka tenesteproduksjon innanfor eksisterande ramme.

Barnevern:

Innan barnevernstenestar er det estimert eit meirforbruk på 520 000 kr. Dette skuldast ei auke i meldingar og reelle barnevernssakar.

Prognosane synar eit avvik/ meirforbruk på 2 640 000 kr i 2014. Rådmannen rår til ein auke på 2 120 000 kr i 2014 tilsvarande auken i rammeoverføringa grunna auka tal flyktningar under sosiale tenester, og har som målsetnad å klare å redusere avviket innan barnevern.

3.8 Pleie- og omsorgstenester

Bestillinga til vedtaksprosjektet er todelt. Del 1 er å gje ein analyse av vedtaksnivået i kommunen, avklara eit justert nivå på tenestene og i verksetje tiltak for reduksjon i tenesteomfang. Del 2 inneber å identifisera andre tiltak som gjev reduksjon av tenestetilbod, det vil sei å redusera tilbod/nivå på tilbod i omsorgstrappa. Resultatmål er reduksjon av tenesteomfang eller endring i tenestetilbod, tilsvarande minimum 7 millionar i 2014.

I det langsiktige perspektivet er utfordringa å tilpassa tenestenivået for å vera rusta for framtidige utfordringar knytt til demografi, utviklingstrekk og statlege føringar. Parallelt med vedtaksprosjektet vert det arbeid med omstillingsprogrammet og helse og omsorgsplan, og det er avgjerande for eit heilskapleg samansett tenestetilbod, at desse prosessane har same retning. Rådmannen har definert vedtaksprosjektet som ein del av omstillingsprosjektet.

Det er gjort eit omfattande arbeid med å kartleggja vedtaksnivå på tenestene. KS nøkkeltall 2012 synliggjorde at tenester til eldre over 80 år ligg på eit landssnitt og på bakgrunn av dette er hovudfokus i første omgang knytt til yngre brukargrupper (under 67 år). I andre omgang vil det vere aktuelt å sjå nærmare på tilbodet retta mot brukare over 80 år.

Justert nivå på tenestene

Det er igangsett arbeid knytt til enkeltvedtak hjå brukarar, dette er arbeid som går over tid sidan det må knyttast til evaluering av eksisterande vedtak. Vidare nivå på tenestene vert også ein viktig del av helse og omsorgsplanen med politisk forankring.

I arbeidet med å redusera tilbod / nivå på tilbod i omsorgstrappa er det gjennom arbeidet komme opp løysingar for ei meir robuste teneste, der vi gjennom endringar ser effekt for teneste samla. I dette ligg ein indirekte budsjettmessig gevinst, ved at vi gjennom effektivisering og endring av ei teneste kan få frigjort ressursar til andre oppgåver. Desse områda vert fylgt opp i det vidare arbeidet med omstillingsprogrammet og helse og omsorgsplanen.

Det er gjennom omstillingsprosessen identifisert ein del konkrete punkt både på tenestenivå og tilbod som rådmannen gjennom omstillingsprosessen jobbar vidare med.

Av det budsjetterte innsparingsmålet på 7 000 000 kr står det att 5 900 000 kr. Rådmannen rår ikkje til ein tilleggsøyving innan pleie- og omsorg då det jobbast med å klare å i verk setje tiltak som vil gje innsparingseffekt allereie i 2014.

3.9 Tekniske tenester

Det er vakante stillingar på eigedom og teknisk drift som gjer eit mindreforbruk på om lag 700 000 kr i 2014. Desse midlane vert overført frå tenesteområde 9 til 2, slik at resultat av tilsettingskontrollen vert ført der budsjettposten er.

3.10 Tekniske justeringar tenesteområda

Avskrivningar

Kommunane skal registrera avskrivningar om lag etter dei same prinsippa som private bedrifter. Konkret vert dette gjennomført ved at avskrivingskostnaden vert registrert på den enkelte

tenesta/eininga. Men verknaden av avskrivningane skal eliminerast på sentral teneste – det er avdraga som har resultatteffekt i kommunen sin rekneskap.

For å få ei god oppfølging av økonomien i den enkelte eininga bør budsjetterte avskrivningar samsvara med rekneskapsførte avskrivningar. Avskrivningane for 2014 er no rekneskapsførte.

Rådmannen vil difor leggja til grunn at følgjande tekniske budsjettjustering vert gjennomført mellom tenesteområda – og sentrale postar:

AVSKRIVNINGAR *			
(tal i 1000)			
tenesteområde	Rekneskap	Vedteke budsjett	Budsjett endring
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	2 881	2 225	656
4 Kulturformål	246	240	6
6 Kommunehelse	42	0	42
8 Pleie- og omsorgstenester	56	94	-38
9 Tekniske tenester	21 504	20 984	520
Sum	24 729	23 543	1 186
10 Skatt, rammetilskot, avskr mv	-24 757	-23 571	1 186

* eksklusiv sjølvkost (vatn og avløp)

4 ÅRSVERK OG SJUKEFRÅVERE

Årsverk

Administrasjonen har i samband med utarbeiding av økonomisk statusrapport jobba parallelt med å få lagt fram eit samla oversyn kommunale årsverk. Utgangspunktet har vore dei lønsheimlar som ligg i kommunen sitt løns- og personalsystem. Desse har vorte gjennomgått sentralt, og i tillegg er tala kvalitetssikra med dei fleste einingsleiarane.

Generelt er det dei faste stillingane som er budsjettert som vert presentert. Dette vil seia at vikarar ikkje vert teke med, heller ikkje ekstrahjelp eller andre engasjement. Ledige/vakante årsverk er med så lenge desse ikkje varig er trekt attende.

Oversynet er utarbeidd på einingsnivå, og vert presentert politisk pr tenesteområde:

Tenesteområde	1. kvartal	2. tertial	1. kvartal	2. tertial	1. kvartal	Endring (1. kvart - 2. tertial 2013)	% av totale årsverk
	2012	2012	2013	2013	2014		
2 Admistrativ styring, støtte-funksjonar	89	91	90	90	93	2,8	8 %
3 Grunnskuletilbod	322	318	318	317	317	-0,8	30 %
4 Kulturformål	20	20	20	21	21	-0,4	2 %
5 Barnehagetilbod	59	52	52	57	57	0,1	5 %
6 Kommunehelsetenester	77	76	74	78	85	7,3	7 %
7 Sosiale tenester, barnevernst.	39	39	39	40	40	0,0	4 %
8 Pleie- og omsorgstenester	362	362	363	364	364	0,4	34 %
9 Tekniske tenester	108	109	110	110	110	-0,2	10 %
Sum tenesteområda (2-9)	1 074	1 067	1 066	1 077	1 086	9,2	100 %

Det har vore ein auke på 9,2 årsverk sidan 2. tertial 2013. Dette skuldast i hovudsak etablering av ØHD-plasser ved Nordhordland legevakt samt opning av nytt legekantor med fastlønnsstillingar. Auken under administrativ styring, støttefunksjonar skuldast nye heimlar i interkommunale samarbeid. Det er auka med 1 heimel (jurist) under Nordhordland kemnerkontor, samt 1 heimel som tilsynsleiar i byggetilsynet. Denne heimelen er satt vakant. I tillegg er det ein ny heimel under planarbeid.

Sjukefråvere

Det har samla sett har vore ein reduksjon i sjukefråveret for Lindås dei siste 2 åra, men målsetjinga om 6% er langt frå oppnådd.

Utviklinga:

	3.kvartal 2011	4.kvartal 2011	1.kvartal 2012	2.kvartal 2012	3.kvartal 2012	4.kvartal 2012	1.kvartal 2013	2.kvartal 2013	3.kvartal 2013	4.kvartal 2013
Kommunen	8,50%	8,50%	8,2%	7,4%	7,2%	8,1%	8,7 %	7,5 %	7,1 %	7,0 %
Kommunal sektor	7,50 %	7,30 %	7,5%	7,0%	7,2%	7,5%	8,0 %	6,9 %	7,0 %	7,1 %

5 BUDSJETTVEDTAK 2012 – VERBALDEL

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av økonomiplanen ein del verbalpunkt. Status for desse vert rapportert her:

VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2014	Status
2) For å sikra langsiktig berekraftig økonomi er det naudsynt å redusera driftskostnadene. Det skal etablerast eit omstillingsprogram som omfattar heile den kommunale drifta. Dette skal skje i tett samarbeid med politisk og administrativ leiing, dei tilsette og deira organisasjonar. Omstillingsprogrammet skal vera eit forpliktande fellesprosjekt mellom politikk og administrasjon, og det er viktig å ha ei felles forståing for kva som er målet med programmet. Programmet skal innbefatta m.a. organisering, struktur, tenestnivå og eventuell konkurranseutsetting. Nærare mandat og prosess skal etablerast snarast. Avklaring av endeleg mandat og prosess skal skje i dialog mellom formannskap og administrativ leiing, så tidleg som muleg i 2014. Formannskapet skal og ha ei sentral rolle i den vidare prosessen med omstillingsprogrammet	Omstillingsprogrammet vart etablert og gjennomført etter den politiske bestillinga, og framdriftsplanen som vart lagt fram for formannskapet i 9.1. er følgd. Pr. 1.5. er gjennomført ein brei gjennomgang av drifta i alle einingar. Det partssamansette utvalet går i mai inn ein analysefase på dette materiale. Det er fast orientering i formannskapet om programmet.
3) Den pågåande prosess med rullering av helse- og omsorgsplan skal vidareførast. Det same gjeld det tidlegare etablerte forbetringprogram for pleie og omsorg. Forbetringsprogrammet og omstillingsprogrammet skal på eit høveleg tidspunkt samordnast	Pågår. Utarbeideing av helse og omsorgsplan blir sett på i sammenheng med vedtaksprosjektet og omstillingsprogrammet. Vedtaksprosjektet og omstillingsprogrammet er integrerte prosesser.
5) Lindås kommune vil ta eit utbytte fra Lindås tomteselskap på 3 mill i 2014 i henhold til aksjeloven. Dette skal gå til finansiering av idrettsanlegg på Lindås og Knarvik baneanlegg	Lindås Tomteselskap er varsla om at Lindås kommune vil ta ut eit utbytte på kr 3 mill i 2014.

VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2014	Status
Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 200,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2014 Deloitte AS

Selskapskontroll | Lindås kommune

Selskapskontroll av Lindås Tomteselskap AS

Prosjektplan/engagement letter



Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Innleiing	3
1.2 Om selskapet.....	3
1.3 Føremål og problemstillingar	4
2. Metode	5
2.1 Innleiing	5
2.2 Dokumentanalyse.....	5
2.3 Intervju	5
2.4 Stikkprøver.....	5
2.5 Verifisering og høyring.....	5
2.6 Kvalitetssikring.....	6
3. Kontrollkriterium	7
3.1 Innleiing	7
3.2 Aksjeloven	7
3.3 Offentlege innkjøp	8
3.4 Offentlegheit	8
3.5 Andre relevante regelverk	9
3.7 Selskapet sine vedtekter	14
3.8 Kommunale dokument og vedtak.....	14
3.8.1 Eigarskapsmelding	14
3.8.2 Andre kommunale vedtak.....	14
4. Tid og ressursbruk	15
4.1 Nøkkelpersonell.....	15
4.2 Ressursbruk.....	15
4.3 Gjennomføringsplan	15

1. Innleiing

1.1 Innleiing

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet utarbeidd ein prosjektplan for selskapskontroll av Lindås Tomteselskap AS. I følgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Gjennom selskapskontroller vil ein mellom anna undersøke om krava kommunen set til eigarskapsutøvinga og til selskapet blir etterlevd. Selskapskontroll er eit viktig verktøy for kontrollutvalet for å sikre demokratisk innsyn og kontroll i eigarskapsforvaltninga og selskapa kommunen har eigarskap i.

Selskapskontroll kan i hovudsak delast mellom to ulike typar kontrollar.

1. Eigarskapskontroll
2. Forvaltningsrevisjon i selskap

Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontrollen og handlar i stor grad om korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine. Fokuset er retta mot kommunen som eigar, og korleis kommunen gir føringar og følgjer opp eigarskapa. Når det gjelder **forvaltningsrevisjon i selskap** så er dette ein frivillig del av selskapskontrollen som blir basert på konkrete risiko- og vesentlegsvurderingar av eigarskapa og selskapet det gjeld. Ein slik forvaltningsrevisjon handlar i hovudsak om å undersøke forhold knytt til selskapet sine plikter og oppgåver. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan mellom anna måloppnåande, ressursbruk og regeletterleving i selskapet kontrollerast.

Det kan også gjennomførast kontrollar som kombinerer element frå dei to nemnte formene. Selskapskontrollen som er foreslått her er ein slik kombinasjon av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet.

1.2 Om selskapet

Lindås Tomteselskap blei stifta i mars 1985 og er heileigd av Lindås kommune. Selskapet er eit handlingsorgan for Lindås kommune sin arealpolitikk med mål om å ha ein tilfredstillande tomtereserve i alle delar av kommunen. Areal blir kjøpt og regulert, og område blir utvikla, for deretter å selja tomter som er byggjeklare til bedrifter, privatpersonar og profesjonelle utbyggjarar.¹

Selskapet sitt vedtektsfesta føremål er «erverta areal, planleggja, tilretteleggja og omsetja nærings- og bustadtomter i Lindås kommune, og elles ivareta kommunen si forretningsinteresse i utbyggingsområda. Selskapet kan og stå for oppføring og utleige av næringsbygg samt driva eller delta i anna verksemd med føremål å fremja næringsutvikling, herunder også rådgjevingsteneste».²

Selskapet har to tilsette, og eit styre på fire representantar og tre vararepresentantar.³

¹ Henta frå nettsiden til Lindås Tomteselskap AS: <http://www.lindtomt.no/index.cfm?id=76751>

² Henta frå Ravn Info: <https://www.ravninfo.com/default.aspx?ControlID=4&step=5&orgno=936838677>

³ Henta frå: <https://www.ravninfo.com>

Tabell 1: Nøkkeltal for selskapet (tal i heile tusen)⁴:

NØKKELTALL	2012	2011	2010	2009	2008
Sum inntekter	37 351	12 375	11 660	14 906	23 415
Eigenkapital	26 094	16 740	15 237	13 863	13 200
Driftsresultat	13 241	2 535	2 497	1 716	3 923

1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Lindås kommune si eigarstyring av Lindås Tomteselskap AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Følgjande overordna problemstillingar vil bli undersøkt:

1. Utøver Lindås kommune kontroll med Lindås Tomteselskap i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
 - a. Utøver Lindås kommune eigarstyring av Lindås Tomteselskap i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?
 - b. Utøver Lindås kommune eigarstyring av Lindås Tomteselskap i samsvar med kommunen si eigarskapsmelding og andre kommunale vedtak og føringar?
 - c. Blir Lindås kommune tilstrekkelig informert om drifta og utviklinga i selskapet?
2. I kva grad blir krav og retningslinjer som Lindås kommune stiller til sine selskap etterlevd av Lindås Tomteselskap?
 - a. Driv selskapet i samsvar med vedtektene og krav i Lindås kommune si eigarskapsmelding?
3. Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?
4. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverk knytt til:
 - a. Aksjeloven
 - b. Offentlege innkjøp
 - c. Offentleggjering
5. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?
 - a. Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjeloven § 3-4?
 - b. I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?
 - c. Har selskapet hatt en økonomisk utvikling i samsvar med eigars forventningar?

⁴ Henta frå: <https://www.ravninfo.com>

2. Metode

2.1 Innleiing

Deloitte utfører selskapskontroll i samsvar med kapittel 6 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar, RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon og rettleiar for gjennomføring av selskapskontroll utarbeidd av NKRF⁵.

2.2 Dokumentanalyse

Innsamla dokumentasjon og kjeldemateriale i form av lovar, kommunale vedtak, relevant selskapsinformasjon, og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar og regelverk m.m. vil bli analysert. Innsamla kjeldemateriell vil bli vurdert i forhold til kontrollkriteria.

2.3 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlige kjelder vil Deloitte intervju personar frå selskapet og representantar frå Lindås kommune.

Aktuelle intervjupersonar er administrativt tilsette i Lindås kommune med særskilt ansvar/arbeidsoppgåver knytt til oppfølging av selskapet og Lindås kommune sin generalforsamlingsrepresentant i selskapet. Vidare vil revisjonen gjennomføre intervju med styreleiar og dagleg leiar i selskapet. Vi tek sikte på å gjennomføre 4-5 intervju. Endelig utval av personar som skal intervjuast eller svare på spørsmål vil bli gjort etter innleiande dokumentanalyse.

2.4 Stikkprøver

Dersom undersøkinga viser at selskapet er underlagt lov om offentlige anskaffelser kan revisjonen dersom kontrollutvalet ønskjer det gjennomføre stikkprøver for å vurdere i kva grad innkjøp blir konkurranseeksponert og dokumentert i samsvar med regelverket. Vi foreslår å gjennomføre 3 stikkprøver. Dette vil eventuelt medføre 15 timar ekstra. Dette er nærmare omtalt under punkt 4.2 ressursbruk.

2.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervju for verifisering. Det er berre informasjon frå verifiserte intervju som vil bli nytta i rapporten.

Rapporten vil bli sendt til selskapet og kommunen for verifisering og høyringsuttale. Eventuelle faktafeil i rapporten vil bli retta opp og høyringsuttaler vil bli lagt ved den endelege rapporten. Høyringsutkast av

⁵ Selskapskontroll - fra a –å. (Praktisk veileder), Utarbeidd av NKRF 2010.

rapporten vil også bli sendt til kommunen sin generalforsamlingsrepresentant for høyringsuttale. Endeleg rapport vil bli sendt til kontrollutvalet.

2.6 Kvalitetssikring

Kvalitetssikring av selskapskontrollar er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM), og Deloitte har valt å leggje forvaltningsrevisjonsstandarden RSK 001 til grunn også ved gjennomføring av selskapskontrollar. Dette gjer at prosessen for kvalitetssikring av selskapskontroller er lik prosessen med kvalitetssikring av forvaltningsrevisjonar.

3. Kontrollkriterium

3.1 Innleiing

Kontrollkriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Kontrollkriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i kontrollen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

3.2 Aksjeloven

Av § 2-2 går minstekrav til vedtekter i eit selskap fram:

1. «selskapets foretaksnavn;
2. den kommune i riket hvor selskapet skal ha sitt forretningskontor;
3. selskapets virksomhet;
4. aksjekapitalens størrelse, jf § 3-1;
5. aksjenes pålydende (nominelle beløp), jf § 3-1;
6. antallet eller laveste og høyeste antall styremedlemmer, jf § 6-1;
7. om selskapet skal ha flere daglige ledere eller om styret eller bedriftsforsamlingen skal kunne bestemme at selskapet skal ha flere daglige ledere, samt i så fall om flere daglige ledere skal fungere som kollektivt organ;
8. hvilke saker som skal behandles på den ordinære generalforsamlingen, jf § 5-5;
9. om selskapets aksjer skal registreres i et verdipapirregister».

I følge aksjeloven § 5-1 første ledd representerer aksjeeigarane det øvste mynde i selskapet gjennom generalforsamlinga.

Kvar aksje gjev ei stemme dersom ikkje anna følgjer av lov eller vedtekter (jf. § 5-3). Innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår skal selskapet ha gjennomført ordinær generalforsamling (§ 5-5, første ledd). På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast (§ 5-5, andre ledd):

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette utdeling av utbytte.
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal seinast ei veke før generalforsamling sendast til kvar aksjeeigar med kjent adresse (jf. § 5-5, tredje ledd).

Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, og medlemmene blir valt av generalforsamlinga (jf § 6-3). Styret skal syte for forsvarleg organisering av verksemda (jf. § 6-12) og styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga av selskapet og selskapet sine andre verksemdar (jf. § 6-13).

Styremedlemmer tenestegjer i to år. I vedtektene kan tenestetida settast kortare eller lenger, men ikkje meir enn fire år (jf § 6-6).

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som blir tilsett av styret (jf. § 6-2). Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd og følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir (jf. § 6-14). Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som er av uvanlig art eller av stor betydning (jf. § 6-14). Daglig leder skal sørge for at selskapet sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter og at

formuesforvaltninga er ordna på ein forsvarleg måte (jf. § 6-14). Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad gi styret orientering om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling, og styret kan til ein kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ein orientering om bestemte saker (jf. § 6-15). Det skal bli ført protokoll over styrebehandling (jf. § 6-29).

For selskap der tilsette er representert i styret, skal styret fastsette ein styreinstruks som gir nærmare regler om styret sitt arbeid og saksbehandling. Instruksen skal mellom anna innehalde regler for kva saker som skal handsamast av styret og dagleg leiars arbeidsoppgåver og plikter overfor styret. Instruksen skal også innehalde regler for innkalling og møtehandsaming (jf. § 6-23).

3.3 Offentlege innkjøp

Når det offentlege skal foreta anskaffingar skal *Lov om offentlige anskaffelser* (LOA)⁶ med tilhørande *forskrift om offentlige anskaffelser* (FOA)⁷ følgjast. I lov om offentlige anskaffelser § 1 går det fram at:

«Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Av lov om offentlige anskaffelser § 5 går det mellom anna fram at ein anskaffing så langt det er mogleg skal vere basert på konkurranse og oppdragsgjevar skal sikre at omsynet til føreseielegheit, gjennomsiktighet og moglegheit for etterprøving blir ivaretatt gjennom anskaffingsprosessen.

Regelverket om offentlege anskaffingar kan vere relevante kontrollkriterium. Dette vil revisjonen gjere ei nærare vurdering av ved gjennomføring av selskapskontrollen.

3.4 Offentlegheit

Føremålet med Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova)⁸ er å leggje til rette for at offentlege verksemdar er opne og gjennomsiktige. Det er i hovudsak to prinsipp som følgjer av lova:

- Rett til innsyn
- Plikt til å føre journal

Av § 3 i offentliglova går det fram at «Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ...» Offentlege verksemdar som er omfatta av lova har plikt til å føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter jf. § 10.

I offentliglova § 2 går det fram av lova sitt verkeområde:

«Lova gjeld for

- a) staten, fylkeskommunane og kommunane,
- b) andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift,

⁶ Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Lov om offentlige anskaffelser. LOV-1999-07-16 nr. 69

⁷ Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Forskrift om offentlige anskaffelser. FOR-2006-04-07 nr. 402

⁸ Justis- og beredskapsdepartementet (JD). Offentliglova. LOV-2006-05-19 nr. 16

- c) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og
- d) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.»

Offentleglova kan vere relevant som kontrollkriterium. Dette vil revisjonen gjere ei nærare vurdering av ved gjennomføring av selskapskontrollen.

3.5 Andre relevante regelverk

Andre relevante regelverk som regulerer drifta for Lindås Tomteselskap kan bli lagt til grunn som kontrollkriterium.

3.6 Kommunesektorens organisasjon (KS) sine retningslinjer for eigarstyring

Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt eigarforum har utarbeidd eit sett med tilrådingar⁹ for korleis kommunale/fylkeskommunale eigarskap bør forvaltast og kva system og rutinar kommunar og fylkeskommunar bør etablere. Av tilrådingane går det innleiingsvis fram følgjande om aktivt eigarskap i kommunar/ fylkeskommunar:

«Et aktivt eierskap er grunnleggende for en best mulig lokalpolitisk forvaltning av de samlede verdier og har direkte konsekvenser for selskapene, deres disponeringer og deres markedsposisjon. Samtidig vil et aktivt eierskap gi viktige signaleffekter overfor omverden og styrke kommunens/fylkeskommunens omdømme.»¹⁰

I den sist oppdaterte versjonen (2013) omtalar KS 19 tema med tilhøyrande tilrådingar.

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde,
2. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar,
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter,
4. Vurdering og val av selskapsform,
5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd,
6. Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap,
7. Samansetting og funksjon av eigarorgan,
8. Gjennomføring av eigarmøte,
9. Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor,
10. Valkomité for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap,
11. Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra,
12. Styresamansetting i konsernmodell,
13. Oppnemning av vararepresentantar,
14. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra,
15. Kjønnrepresentasjon i styra,
16. Godtgjøring og registrering av styreverv,
17. Arbeidsgjevartilknytning i sjølvstendige rettssubjekt,
18. Utarbeiding av etiske retningslinjer,

⁹ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013)

¹⁰ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013) s.2.

19. Administrasjonssjefen si rolle i kommunale og fylkeskommunale føretak.

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunen som ein del av folkevaldopplæringa bør **gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar** for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Det går fram at den fyrste opplæringa bør bli gjennomført i løpet av dei fyrste 6 månadene av valperioden og følgjast opp etter to år. I KS sine tilrådingar blir det vist til at politikarar ofte har liten eller manglande kompetanse knytt til eigarstyring av selskap. Det er derfor viktig at dei folkevalde får innsikt i ulike roller ein innehar som både folkevald og som t.d. styremedlem og representantskapsmedlem. Dei folkevalde må vere medvitne om roller, styringslinjer og ansvarsdeling. Vidare framhevar KS at for å styrke kompetansen og sikre informasjon til kommunestyrepolitikarane, bør det årleg etter gjennomføring av generalforsamling, bli gjeve informasjon om status for selskapa, drift og nøkkeltal.

Av KS sine tilrådingar går det fram at kommunen bør **utarbeide eigarskapsmelding**. Av tilrådingane går det fram at ein eigarskapsmelding kan definerast som eit overordna politisk styringsinstrument for verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre, ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ. Ei eigarskapsmelding bør som minimum innehalde tre hovudpunkt:

1. Oversikt over kommunen sine verksemder som er lagt til selskap og samarbeid
2. Politisk (prinsipp for eigarstyring) og juridiske styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformane
3. Føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, irekna vedtektsrevisjon

Det går vidare fram at ei eigarskapsmelding vil sikre naudsynte styringssignal til selskapa og tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar. Ei eigarskapsmelding vil bidra til å gje oversikt over kommunen si samla verksemd, og gje dei folkevalde ei moglegheit til å setje seg inn i dei juridiske styringsmoglegheitene som ligg i dei ulike selskapsformane. Eigarskapsmeldinga kan også innehalde eit eige punkt om selskapa sitt samfunnsansvar, t.d. politiske målsettingar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk osv. Eigarskapsmeldinga bør også reflektere det rettslege ansvarsmessige forholdet mellom selskapsform og eigar. KS tilrår at eigarskapsmeldinga blir gjennomgått og eventuelt revidert kvart år i kommunestyre.¹¹

Det går også fram av KS sine tilrådingar at kommunen bør **utarbeide og revidere selskapsstrategi og vedtekter**. KS peiker på at selskapet si verksemd skal gjerast tydeleg i vedtektene/selskapsavtalen, og at selskapet innafor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør ha klare mål og strategiar for si verksemd. Vidare bør føremålet i selskapsavtale/vedtekter bli vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

Av KS sine tilrådingar går det vidare fram at ein grunnleggjande føresetnad for ei strategisk drift av selskapa er ein klar og presis eigarstrategi for selskapa der eigar sine forventningar til selskapet er formulerte. Dette vil også vere ein føresetnad for gjennomføring av selskapskontroll. Det er anbefalt at eigar klargjer sine forventningar til styret og selskapet gjennom selskapsstrategiane. Selskapsstrategiane bør som del av eigarmeldinga bli revidert jamleg. Det går vidare fram at det i selskapsstrategien bør klargjærast eigar sine forventningar til type avkasting, anten den er i finansiell forstand eller på anna måte. Det blir peika på at type avkasting vil avhenge av type selskap og selskapet sitt føremål. Det går vidare fram at det er eigar sitt ansvar å syte for at selskapet har ein forsvarleg selskapskapital og at styret har handleplikt dersom eigenkapitalen blir for låg. Styret skal i samsvar med aksjeloven foreslå utbytte innanfor dei avgrensingane som aksjeloven sett for åtgangen til å utdele utbytte. Det blir vidare peika på at det derfor er viktig at eigarane har forventningar om ein utbyttepolitikk som gjer at selskapet sitt føremål kan realiserast. Det blir vidare peikt på at selskapet

¹¹ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.7-8.

ikkje bør akkumulere høgare eigenkapital enn det som er naudsynt på forretningsmessig grunnlag og for å oppnå eigarane sitt mål med selskapet.

Vidare blir det vist til at føremål for selskap ofte blir definert forholdsvis generelt, noko som kan medføre stor åtgang til endringar i verksemda. Det blir peika på at det vil vere opp til eigarorganet å vega behovet for selskapet sitt handlingsrom. KS peikar også på at langsiktighet og samfunnsansvar bør leggjast til grunn for kommunale eigarskap.¹²

Når det gjeld **vurdering og val av selskapsform** går det fram av KS sine tilrådingar at det er eigar sitt ansvar å sikre at selskap har ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregelverk.¹³

Dersom kommunen har eigarskap i selskap som opererer i konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd, bør det som hovudregel etablerast eit **fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd**, for å unngå mistanke om rolleblanding og krysssubsidierting. Organiseringa av konkurranseutsett verksemd bør så langt som mogleg ha åtskilt leiing og bemanning, i tillegg til å vere fysisk åtskilt frå monopolverksemda. KS peiker på at dette bør vere utgangspunktet, og at dersom ein ikkje oppfyller dette må det vere ei bevisstheit omkring kva som er årsaka til det.¹⁴

Av tilrådingane går det vidare fram at kommunestyre har **eit tilsyns- og kontrollansvar** for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn blir tryggja. Kontrollutvalet skal på vegner av kommunestyre sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Det er viktig at det blir lagt til rette for at kontrollutvalet kan utøve sin funksjon på ein god måte. KS tilrår at kommunestyre innafor kommuneloven sine føresegner fastsett regler for selskapskontroll. Dette bør omfatte kva dokument som uoppfordra skal sendast til kontrollutvalet og kven denne plikta gjeld for. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal bli varsla når generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ held møte, og kontrollutvalet/revisor har rett til å vere til stades på slike møte.¹⁵

KS tilrår vidare at administrasjonssjefen skal syte for at dei folkevalde og innbyggjarane lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarinteresser i.¹⁶

KS sine tilrådingar omhandlar også samansetting og funksjon av eigarorgan. For aksjeselskap anbefalar KS at kommunestyre vel politisk leiing som eigarrepresentant i selskapet sitt eigarorgan. Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret si samla avgjerse eller fleirtalsavgjerse. Det er sentralt at det blir oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamlingar. Det blir presisert at tilrådinga retter seg mot at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa og ikkje i selskapsstyra. Det blir vidare peika på at innanfor selskapsformene AS og IKS bør det, for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet si mynde, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorgan som forankrast i eigarskapsmeldinga.¹⁷

KS tilrår også at det blir **gjennomført eigarmøte**. Generalforsamling er det formelle eigarmøtet, men det kan også bli kalla inn til eigarmøte utover generalforsamlingar. Tilrådinga om gjennomføring av eigarmøte er ei presisering av lova. KS tilrår at styret bør leggje til rette for at flest mogleg av eigarorganet sine medlemmer kan ta del i generalforsamling og at dette blir ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap. Revisor har rett til å vere til stades, og nokre gonger har revisor plikt til å møte når det er

¹² Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.8-9.

¹³ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.9.

¹⁴ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.9.

¹⁵ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.10.

¹⁶ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.10.

¹⁷ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.11-12.

saker på dagsorden som gjer dette naudsynt. I tillegg til generalforsamling kan det bli gjennomført andre eigarmøte, til dømes for å drøfte ei sak utan at det blir gjort formelle vedtak. Det er opp til eigarane sjølve å vurdere behovet for, og korleis slike eigarmøte skal bli gjennomført.¹⁸

KS sine tilrådingar omhandlar også eigar sine krav til **profesjonelle styre** i kommunal sektor. Av tilrådingane går det fram at det er eigar sitt ansvar å setje saman styret og gje styret dei naudsynte styringsrammene for å utøve si verksemd som eit profesjonelt organ. Det er eigar sitt ansvar å gje informasjon om rammene for og innhaldet i det å sitte i eit styre. Det går vidare fram at eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansemessig. Det blir vidare vist til at å ta på seg eit styreverv er eit personlig verv. Det betyr at ein ikkje representera verken politiske parti, kommunen eller andre interessentar, men skal ta i vare selskapet sine interesser på best mogeleg måte saman med resten av styret og ut i frå selskapet sitt føremål. Det blir peika på at dette følgjer naturleg av at profesjonelt eigarskap blir utøvd gjennom eigarorganet. Vidare blir det vist til at eigar bør foreta ein analyse av selskapet sitt føremål og eigar sine forventningar som grunnlag for å setje saman eit profesjonelt styre.

Vidare blir det vist til at eit styre skal ha generalist- og fagspesifikk kompetanse. Føremålet for dei kommunale selskapa er ulikt, frå t.d. finansielt, politisk eller meir samfunnsnyttig motivert eigarskap. Det inneber at kompetanse bør sjåast i lys av selskapet sitt føremål. Eit profesjonelt samansett styre har kompetanse som er naudsynt for å oppfylle eigar sine forventningar. KS viser til at dersom naudsynt kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, skal eigar sitt ansvar likevel presiserast og det skal bli gjeve tilbod om opplæring der det er naudsynt. KS har også kome med tilrådingar til kva kompetanse styremedlemmer bør ha:¹⁹

- Kunnskap om aksjeloven, lov om interkommunale selskaper, kommuneloven, andre relevante lovar, forskrifter og avtalar som har betydning for selskapet si drift.
- Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie.
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og foreta naudsynte grep når naudsynt.
- Kompetanse på offentleg forvaltning og de politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid.
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som t.d. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMT, leiging eller organisasjon.
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen.
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemder.²⁰

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskaper tilrår KS at det bør vedtektsfestast **bruk av valkomité**. Føremålet er å sikre samansetting av styre med komplementær kompetanse og i samsvar med eigar sitt føremål med selskapet. Representantskapet /generalforsamlinga sin leiar vel leiaren av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen bli samansett for å spegle eigardel. Fleirtalet av valkomiteen bør vere uavhengige av styret og tilsette. Valkomiteen si innstilling bør grunngjevast. KS peikar vidare på at samansettinga av styret bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og representantar bør vil valt ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart. KS viser også til at styret sin eigenevaluering bør bli tatt med i vurderinga ved val av styrerepresentantar.²¹

¹⁸ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s.12.

¹⁹ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 13.

²⁰ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 13.

²¹ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 14.

Vidare viser KS til at det er eigar sitt ansvar å sikre eit styre med naudsynt kompetans til å leie selskapet i samsvar med eigar sitt føremål. I dette ligg det også at eigar står fritt til å skifte ut styremedlemmer innafor valperioden. Samstundes har styret eit sjølvstendig ansvar for å gjennomføre **jamlege kompetansevurderingar av eget styre** i forhold til eigarane sitt føremål med selskapet. For å sikre utvikling av naudsynt kompetanse i styret tilrår KS at det blir etablert følgjande rutinar som ein del av styret sine rammer. Styret skal:

- Fastsette instruksar for styret og den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling,
- Gjennomføre ein eigenevaluering kvart år både når det gjeld kompetanse og arbeid,
- Bli gjeve jamleg moglegheit til ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmar skal få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling,
- Gjennomføre eigne styreseminar der fokus går på roller, ansvar og oppgåver,
- Fastsette ein årleg plan for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring,
- Gje ein samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport. Dersom dette ikkje er gjort skal det forklarast.

KS peikar på at rutina er ei rettesnor og at rutinane naturleg nok vil avhenge av selskapet sin storleik og verksemd.²²

Når det gjeld **styresamansetting i konsernmodell** tilrår KS at styret i morselskap ikkje bør sitje i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vere representert i dotterselskapa sine styre. Dersom dotterselskap yter tenester til morselskap i konkurranse med andre bør det vere leiingsmessig og funksjonelt skilje mellom selskapa for å unngå inhabilitet og rolleblanding i anbudsprosessar. Dersom det i konsernet er eit dotterselskap som yter monopoltenester til sine eigarar eller innbyggjarane i eigarane sine kommunar bør eksterne kandidatar ha fleirtal i dotterstyret.²³

Vidare tilrår KS at når det utpeikast **vara til styret** bør ordninga med numerisk vara bli nytta for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. KS tilrår også at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre kompetanse og kontinuitet.²⁴

Når det gjeld **habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra** viser KS til at det er opp til kvart einsskilde eigarorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet tilrår KS å unngå situasjonar der styret sine medlemmer jamleg blir vurdert i forhold til forvaltningsloven sine reglar om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av leiande politikarar i selskapsstyra. KS tilrår at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonflikatar, og at kommunestyre opprettar ein valkomité som innstiller til det organ som skal velje styrerepresentantar. Endringar i forvaltningsloven § 6 som trådte i kraft 1. november 2011 medfører at ingen kommunalt tilsette eller folkevalte skal handtere saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølv er styremedlem, også der selskapa er fullt ut offentleg eigd.²⁵

KS sine tilrådingar omhandlar også **kjønnsrepresentasjon i styre**. KS peiker på at reglane i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskap gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredeler av aksjane i selskapet. For statsaksjeselskap med fem styremedlemmer er det krav om 40 % kjønnsrepresentasjon. KS føreslår at eigarorgan uavhengig av organisasjonsform søker å få til ein balansert kjønnsrepresentasjon i styre for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen/kommune/kommunen.²⁶

²² Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 15.

²³ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 15.

²⁴ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 15.

²⁵ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 16.

²⁶ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 17.

KS sine tilrådingar omhandlar vidare **godtgjøring og registrering av styreverv**. KS tilrår at kommunen i samband med utarbeiding og eventuell revidering av eigarmelding gjennomfører ein prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eigarorganet si fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Vidare tilrår KS at alle som tar på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva på www.styrevervregister.no.²⁷

Vidare peiker KS på at godtgjeringa bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Vidare peiker KS på at styremedlemmar generelt ikkje bør påta seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.²⁸

Vidare tilrår KS at selskapa ved utskilling av verksemd til sjølvstendige rettssubjekt søker medlemskap i ein **arbeidsgjevarorganisasjon**.²⁹

KS tilrår vidare at eigar ser til at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer **etiske retningslinjer for selskapsdrifta**.³⁰

Den siste av tilrådingane frå KS omhandlar **administrasjonssjefens rolle**. Det går fram at administrasjonssjefen eller andre i leiande administrative posisjoner samt medlemmer av kommunalråd ikkje kan sitte i styra i føretak³¹.

3.7 Selskapet sine vedtekter

Lindås Tomteselskap sine vedtekter vil bli lagt til grunn som kontrollkriterium.

3.8 Kommunale dokument og vedtak

3.8.1 Eigarskapsmelding

Lindås kommune si eigarskapsmelding vil bli lagt til grunn som kontrollkriterium.

3.8.2 Andre kommunale vedtak

Eventuelle andre kommunale føringar og vedtak som er relevante vil bli lagt til grunn som kontrollkriterium.

²⁷ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 17.

²⁸ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 17.

²⁹ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 18.

³⁰ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 18.

³¹ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak (mai 2013), s 19.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av seniormanager Birte Bjørkelo, seniorkonsulent Stine Karoline Olsen og konsulent Merete Solheim Larsen. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande standard, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor revisjon og selskapskontroll.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektets karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta 150 timar å gjennomføre prosjektet dersom vi ikkje inkluderer stikkprøver for innkjøp. Dersom vi skal gjennomføre stikkprøver for offentlege innkjøp vil prosjektet krevje 165 timar. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere september 2014 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av desember 2014, eller etter avtale med kontrollutvalet. Dette krev at selskapet og kommunen innan avtalte fristar sender all etterspurt dokumentasjon, at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju, samt at selskapet innan avtalte fristar gir tilbakemelding på rapportutkast i samband med verifisering og høring.

Bergen, 13. juni 2014



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.